



Eitt av informasjonsskiltet i Uskedalen er å finna ved fylkesvegen nedanfor Halsabrotet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det store turstiprosjektet i Kvinnherad er no så å seia fullført - og det gjeld også i Uskedalen. Her er 8 av dei tilsaman 54 rutene og med to unntak er alle skiltene med informasjon kome opp, opplyser primus motor Steinar Haugland til uskedalen.no

Dette er dei skilta turmåla her i bygda:

- *Tverrfjell (skilt ved skogsvegen på Haugland)
- *Ulvanåso (skilt ved brua på Hauglandsheio)
- *Kalkestasjonen (skilt ved brua på Hauglandsheio)
- *Englafjell (skilt både ved Nedre Feet og vassverket)
- *Manen (skilt ved Padlane)
- *Solfjell/Mannsvatnet (skilt nedafor Halsabrotet, ved fylkesvegen)
- *Dønhaug (skilt ved Gamleskulen)



Steinar Haugland har gjort stor innsats med turstiprosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var hausten 2008 Karen Løvfall Våge fekk ideen om å gjera noko med marknadsføring og informasjon rundt turstiane i kommunen. Dei einaste dei hadde å tilby turistane var det store nasjonalpark-kartet.

Idrettslag og turgrupper i alle bygder vart invitert til å koma med forslag til kva turer som skulle vera med. Seinare har lokalkjende gått gjennom alle løypene og kvalitetssikra tekstane.

Dei 54 rutene vert skilta ved startstaden etter ein felles mal, men merkinga vidare varierar mellom T-ar, treskilt og vardar. I tillegg vert all informasjon, bilete og kart lagt ut på www.visitsunnhordland.no under "aktivitetar" og "vandring". Karta kan lastast ned og skrivast ut. Eit prenta turkart i A2-format kjem også med det fyrste. Informasjonen er både på norsk, tysk og engelsk.

Leiar i Kvinnherad turlag Anne Kari Enes seier til Grenda at dette er eit flott prosjekt som gjer det enklare å finna fram til dei ulike turmåla. Også kvinnheringane sjølve vil ha stor nytte av informasjonen i naturen og på nettet. Det finst ikkje eit slikt produkt andre stader i landet.

Turane er graderte etter vanskegrad med fargekodar. Også ruter lagt til rette for rullestolbrukarar er graderte.

Av Ola Matti Mathisen